

Rammeplan 2024-2027

Stad kulturskule



STAD
•
kulturskule

Innholdsliste

Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag	3
Presentasjon av Stad kulturskule	4
Stad kommune skal gje alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod.....	5
Stad kulturskule gjev opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.....	5
Stad kulturskule er aktiv i samfunnsutviklinga	9
Kommunen sitt ansvar som skuleeigar	10

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova sin paragraf § 13-6: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.» (1997)

Ny opplæringslov vil vere gjeldande frå august 2024. Kulturskulen har fått eit eige kapittel (kap. 26) og tidlegare §13-6 vil bli erstatta med § 26-1 og § 26-2:

§ 26-1 Kulturskule: Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskule til barn og unge, organisert i tilknytning til skulen og kulturlivet.

§ 26-2 Formålet med kulturskulen: Kulturskulen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Stad kulturskule skal ha ein oppdatert rammeplan. Den lokale rammeplanen for kulturskulen byggjer på den nasjonale rammeplanen. Rammeplan for kulturskulen, «*Mangfald og fordjuping*», vart utgjeven i 2016 av Norsk kulturskoleråd. Norsk kulturskoleråd har på oppdrag frå sine medlemar, som er kommunane i Noreg, utarbeida denne rammeplanen. I 2020 utarbeida Stad kulturskule ein lokal rammeplan, «Rammeplan for Stad kulturskule», som vart politisk vedteke 09.06.2020. Målet med ein lokal læreplan er tydeleggjering av kulturskulen som eit skuleslag.

Med stortingsmelding 18: «*Opplæringslova*» presenterer regjeringa for første gong barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Målet er:

- å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur
- å sikre at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge er av høg kvalitet
- å gje alle barn og unge moglegheita til å oppleve og å skape kultur på eigne premisser.

Hovudbodskapen i meldinga er at alle barn og unge skal få medverke i kunst- og kulturpolitikken, at alle barn og unge skal få sjansen til å vere med på kunst- og kulturtilboda dei er interesserte i, og at kunsten og kulturen som blir laga for barn og unge er av høg kvalitet. Kulturskulen har fått ein sentral plass i denne meldinga.

Kulturskulen tek vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning.

Kulturskolen skal vere kjenneteikna av høg kvalitet og rikt mangfald, og skal ta vare på både breidde og talent. Kulturskolen representerer ei vesentleg fordjuping utover det obligatoriske skuleverket. Opplæring i kulturskulefaga er individuelt tilpassa, langsiktig innretta og kan gje elevar ei livslang interesse, og for nokre også eit grunnlag for yrkesutdanning innan kunstfag.

Visjonen til Norsk kulturskoleråd er «Kulturskule for alle». Dette er ein sentral ambisjon i oppbygginga av kulturskulane.

Presentasjon av Stad kulturskule

Stad kulturskule tilbyr undervisning i musikk, dans og kunst til barn og unge i alderen 3 til 20 år. Det er 6,41 årsverk knytt til kulturskolen fordelt på 11 tilsette. Kulturskolen har om lag 300 elevar som deltek i kjernetilbodet eller får undervisning som aspirant eller junior. Om lag 100 elevar står på venteliste.

Stad kulturskule tilbyr undervisning i faga dans, piano, strykeinstrument, gitar (akustisk, el- og bass), trommer, song, messinginstrument, treblåseinstrument, visuell kunst, band, kor og orkester. Kulturskolen sel i tillegg tenester til korps og spelemannslag, inkludert aspirant- og junioropplæring.

Kulturskolen sine fag er organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet. Programma tek vare på behovet for tilpassa opplæring.

Kulturskolen sine lokale er samlokalisert med Eid ungdomsskule. I tillegg underviser lærarane på åtte andre skular i kommunen. Undervisninga går føre seg både i og etter skuletid. Andre undervisningslokale som blir nytta av kulturskolen er Valhall, Gymmen, Selje Prestegard, Innbyggjartorget i Selje, samt fleire bygde- og samfunnshus i kommunen.

Stad kulturskule er ein aktiv aktør i lokalsamfunnet og samarbeider med skulane, barnehagane, integreringstenesta, Operahuset Nordfjord, Opera Nordfjord, Gymmen scene og studio, Kulturhuset Gamlebanken, Selje Prestegard, institusjonar i kommunen, frivillige lag og organisasjonar, kyrkja, Malakoff Rockfestival, Ung kultur møtast (UKM) og det private næringslivet. I samarbeid med desse har kulturskolen mange større og mindre framsyningar i løpet av året der elevane får høve til å utfalde seg kreativt.

Stad kommune skal gje alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod

Stad kulturskule skal tilby alle born eit tilbod i kulturskulen, anten individuelt eller i gruppe. Vi har som mål å tilby eit mangfald av gode og likeverdige kulturskuletilbod til alle barn og unge i Stad kommune. For å oppretthalde og vidareutvikle tilbodet slik at vi kan nå dette målet, er vi avhengige av tilstrekkelege ressursar. Dei fleste av lærarane i kulturskulen er deltidstilsette. Ved å auke opp stillingane til lærarane kan vi tilby fleire tenester, samt halde på den kompetansen vi allereie har.

Stad kulturskule skal arbeide for at undervisning i kulturskulen blir så billig som mogleg, slik at alle kan delta. Stad kulturskule har ein høg eigenandel per elevplass. Stad kulturskule vil arbeide for å senke prisane til eit kostnadsnivå som gjer at kulturskulen sine tilbod er tilgjengeleg for alle.

Stad kulturskule skal vidareføre samarbeidet med grunnskulane for å kunne tilby kulturskuleundervisning i skuletida. Stad kulturskule ønskjer å halde fram med undervisning i skuletida. Kulturskulen sine tilbod vil då vere tilgjengelege for alle og ikkje vere avhengig av kvar eleven bur. I Stad kommune bur innbyggjarane spreidd over heile kommunen og det er få kollektivtransporttilbod, difor kan dette vere positivt for både elevar og føresette. Undervisning i skuletida vil også kunne leggje til rette for eit tettare samarbeid mellom skule, kulturskule og det frivillige kulturlivet. Eksempelvis kan aspirantundervisning i skuletida føre til rekruttering til skulekorpsa.

Stad kulturskule gjev opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet

Stad kulturskule gjev per i dag eit godt og breitt tilbod innanfor fleire kunstfag. Vi er opptekne av at elevane skal få undervisning av høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

Stad kulturskule skal bidra til kulturell og sosial berekraft. Stad kulturskule har som mål å best mogleg leggje til rette for undervisninga til den enkelte. Vi ønskjer at elevane skal kjenne tryggleik og tilhøyrse, og at dei skal oppleve glede, meistring og engasjement for faget sitt. Kulturskulen sinetilbod gjev dei som ynskjer det høve til å fordjupe seg og bli gode i faget sitt. Som kulturskule har vi ein unik moglegheit til å fange opp barn og unge som elles fell utanfor. Dette gjeld òg våre nye landsmenn, gjennom kunst, dans og musikk kan ein kommunisere utan språk. Kunsten formar identitet og aukar forståinga for andre sine uttrykk. Vårt elevsyn inneber at alle menneske har kreative evner som kan komme til uttrykk

på ulike måtar, og at dette er noko som er unikt for kvart enkelt menneske. Som kulturskule ønskjer vi å romme alt dette, vi ønskjer å vere med på å forme heile mennesket.

Som kollegium er lærarane i kulturskulen opptekne av å samarbeide, støtte kvarandre og å dele idear. Kontinuerleg arbeid med pedagogiske problemstillingar er viktig for å oppretthalde kvaliteten, i tillegg til moglegheit for kompetanseheving. Vi ønskjer å ivareta det som fungerer godt, samtidig som vi ønskjer å vere opne for endringar.

Stad kulturskule har ein god kvalitet som vi ønskjer å vidareføre: Vi er initiativtakarar. Vi får ting til å skje. Vi har kort veg frå ide til gjennomføring. Vi har eit kollegium som strekk seg langt.

Læraren sitt møte med eleven og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskulen. Lærarane i Stad kulturskule må ha eit bevisst forhold til dei mange rollane sine som profesjonsutøvar: pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderar og kollega. Lærarane si rolle som aktive utøvarar skapar òg gode førebilete for elevane.

Ein viktig faktor for at eleven skal få høve til å utvikle seg, er at både foreldre og lærarar er engasjerte og støttande og har forventingar til at eleven skal lære. Kontinuerleg kontakt mellom kulturskule og heim om utviklinga, trivselen, frammøtet og øvingsinnsatsen er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven.

Speedadmin er eit webbasert og interaktivt administrasjonsprogram som nyttast i Stad kulturskule. Speedadmin er også ein god kommunikasjonsplattform. Lærarane nyttar programmet t.d. til timeplanlegging, planlegging av undervisning, planlegging av konsertar, rombestilling og kommunikasjon med elevar og føresette.

Stad kulturskule skal satse på kvalitet i undervisninga gjennom fagleg utvikling og riktig rekruttering. Stad kulturskulen er sjølv ansvarleg for å gjennomføre det kontinuerlege arbeidet med kvalitetssikring av dei tilboda som blir gjevne. Skuleleiar må leggje til rette for pedagogisk utviklingsarbeid for å vidareutvikle faga kulturskulen tilbyr. Stad kulturskule har som mål å følgje dei retningslinjene som er gjevne i den nasjonale rammeplanen for kulturskulen når det gjeld kompetansekrav for tilsetjing i kulturskulen.

Kulturskulen sine fag

Stad kulturskule skal bidra aktivt til «det kulturelle livsløpet».

Kulturskulen i Stad tilbyr per i dag desse faga:

- Dans
- Piano

- strykeinstrument
- gitar
- slagverk
- song
- messinginstrument
- treblåseinstrument
- visuell kunst
- band
- orkester
- kor
- aspirantopplæring
- fire korps kjøper dirigenttenester av kulturskolen

Breiddeprogrammet

Målet med breiddeprogrammet er at kulturskolen sitt tilbud skal nå ut til mange, slik at flest mogleg kan få glede av det. Samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet er ein måte å nå dette målet på. Stad kulturskule er ein aktiv aktør i lokalsamfunnet med mange ulike samarbeidspartnarar. Breiddeundervisninga skal bidra til å utvikle samarbeids- og kreative evner og omfattar fagtilbod som er godt eigna for grupper. Breiddeprogrammet kan også rekruttere til kulturskolen sitt kjerneprogram. Tilbod innanfor breiddeprogrammet i Stad kulturskule:

- Visuell kunst
- Dans
- Aspirantundervisning på fiolin i samarbeid med Vindfylla spelemannslag
- Aspirantundervisning i samarbeid med skulekorpsa
- Kor

Kjerneprogrammet

Ein stor del av undervisninga i Stad kulturskule ligg i kjerneprogrammet. Programmet er basert på langsiktig arbeid, progresjon og systematisk øving. Dette er hovudsakleg instrumentalundervisning éin til éin som er tilpassa den enkelte elev. Kvar undervisningstime varer i 20 min. Men også gruppeundervisning i dei gruppene som krev grunnleggjande dugleikar er ein del av kjerneprogrammet.

Tilbod innanfor kjerneprogrammet i Stad kulturskule:

- piano
- strykeinstrument
- gitar
- band

- slagverk
- song
- messingblås
- treblås
- visuell kunst (gruppeundervisning)
- dans (gruppeundervisning)
- Strykegrupper (gruppeundervisning)
- Korps (sal av teneste)

Fordjupingsprogrammet

Stad kulturskule skal ha eit fordjupingstilbod. Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og føresetnad for å arbeide med eit fag. Programmet skal kunne kvalifisere for vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte elev. Ein elev som får undervisning i fordjupingsprogrammet kan i neste omgang bli ein ressurs for kulturskulen. Stad kulturskule har ved mange høve nytta elevar til å representere kulturskulen i ulike samanhengar. Slik som i kjerneprogrammet, er også nokre av gruppetilboda ein del av fordjupingsprogrammet på grunn av det høge nivået i gruppene. Tilbod innanfor fordjupingsprogrammet i Stad kulturskule:

- Utvida instrumentalundervisning. Denne undervisninga skjer éin til éin. Kvar undervisningstime varer i 40 min. Fordjupingstimen blir vurdert frå år til år. Tilbodet stiller krav til eigeninnsats. Lærar i samråd med rektor avgjer om tilbodet skal halde fram, og kva for elevar som kan få tilbodet.
- Orkester
- Vidarekomne dansegrupper
- Vidarekomne rockebandgrupper
- Vidarekomne kunstgrupper

Stad kulturskule har saman med Gloppen kulturskule søkt og fått stimuleringsmidlar til eit samarbeid om fordjupingstilbodet i kulturskulane våre **gjennom Norsk kulturskoleråd si ordning Inkluderande kulturskular**. Det er Sparebankstiftelsen DNB som tildeler ordninga midlar, der inntil 19 millionar kroner skal gjevast som stimuleringsmidlar til kulturskoleinitierte fordjupingstilbod. Stad og Gloppen kulturskular, i samarbeid med De Unges Orkesterforbund, fekk til saman kr. 400 000,- som skal nyttast til dette over ein to-års periode.

Stad kulturskule er aktiv i samfunnsutviklinga

Stad kulturskule skal samarbeide og samskape med andre aktørar i lokalsamfunnet.

Kulturskulen eit viktig fundament som det lokale kulturlivet byggjer på. Vi er synlege, og det viser lokalsamfunnet at kultur er viktig! Kulturskulen har mange møte med publikum på ulike arenaer, og dette er med på å få kunstoplevingane ut til folket.

Kulturskulen si rolle i lokalsamfunnet er, saman med dei frivillige aktørane, med på å skape eit godt og støttande kulturmiljø, på tvers av alder og kjønn.

For å sikre kulturskulen si aktive rolle i lokalsamfunnet har Stad kulturskule ein ambisjon om å vere synlege. Vi har årleg samarbeid med desse eksterne aktørane:

- Operahuset Nordfjord og Gymmen scene og studio: undervisning, konsertar og utstillingar
- Grunnskulen: undervisning i skuletid og konsertar på skulane
- Kulturhuset Gamlebanken: elevkonsertar, framsyningar på kunstutstillingane
- Selje Prestegard: elevkonsertar
- Institusjonane i Stad kommune: Konsertar med elevar
- Barnehagar i Stad kommune: Konsertar med elevar
- Korps i Stad kommune: Nordfjordeid skulekorps, Haugen skulemusikk, Bryggja skulekorps, Kjølisdalen skulemusikk, Stårheim skulekorps og Selje skulekorps/Stadlandet skulemusikk: sal av dirigenttenester og aspirantundervisning (fleire korps i kommunen ønskjer dette).
- Stad kommune: Framføring på kommunestyremøta samt i andre kommunale samanhengar.
- Næringslivet: til dømes konsert under Eidamessa
- Kyrkja: samarbeid med organist om konsertar og gudstenester, ofte under høgtidene
- Malakoff rockfestival: elevar får delta under festivalen og under andre arrangement elles i året i regi av Malakoff
- Opera Nordfjord: elevar og lærarar deltek på framsyningar
- Stad frivilligsentral: speleoppdrag
- Biblioteket: kunstutstillingar
- Foreiningar: speleoppdrag
- UKM: Ung kultur møtast: elevar deltek på arrangementet
- Vindfylla spelemannslag: aspirantopplæring på fiolin
- Integreringstenesta: deltaking i kulturskulen

Lærarane i Stad kulturskule er kvar og ein ressurspersonar på sine fagfelt. I tillegg til faget lærarane underviser i, sit dei på kompetanse innanfor fotografi, studioproduksjon, direksjon, koreografi og spesialpedagogikk. Lærarane er også aktive utøvarar på sine fagfelt/instrument og er med dette ein ressurs for lokalsamfunnet.

Kommunen sitt ansvar som skuleeigar

I opplæringslova er kommunen pålagt å eige å drive grunnskole, vaksenopplæring og kulturskule. Norsk kulturskoleråd sine medlemmar er kommunane, medan politikarane er eigarane.

Rammeplanen for kulturskulen er ingen statleg forskrift som kommunen er pålagt å implementere og følgje. Kommunen sjølv må gjere vedtak om dette. Kommunen har som skuleeigar ansvaret for at kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringar gjevne i den nasjonale rammeplanen for kulturskulen "Mangfald og fordjuping" (2016). Kulturskulen skal inngå i kommunen sine plandokument og bør vere ein del av kommunen sitt strategiarbeid både innan utdanning, kultur og helse.

Skuleeigar har ansvar for at kulturskulen har kvalifiserte lærarar. I dette inngår å sikre kulturskulelærarane vidare- og etterutdanningstilbod, tilsvarande lærarane elles i skuleverket.

Stad kulturskule skal ha egna lokale til dei ulike typane undervisning ein tilbyr.

Kommunen har ansvar for at kulturskulen har lokale som er tilpassa den undervisninga som blir tilbode. Kulturskulen skal også kunne disponere andre kommunale undervisningslokale vederlagsfritt. Kvaliteten av kulturskulen vil avhenge av at lærarane har ein arbeidssituasjon som gjev dei høve til å vidareføre sin kunnskap til elevane.

Vilkår og informasjon om Stad kulturskule finn ein på Stad kommune sin heimeside. Her finn ein også fagplanar for de ulike faga.

